

Invitasjon til gjevarteneste

***Ei kyrkje for alle –
og alle for Kristus!***

**Me vil at barn og unge skal undervisast
i den kristne trua.**



Me treng deg som fast gjevar!

Gjevarteneste til trusopplæring i Hjelmeland

For å kunne auke det viktige trusopplæringsarbeidet i kyrkjelydane våre, inviterer me deg til å inngå avtale om ei frivillig gjevarteneste. Då er du med og støttar eit heilt konkret og viktig arbeid i kyrkjelyden din.

Difor er utfordringa til deg:

Vil du vere med som fast gjevar for å utvide arbeidet med trusopplæring for barn og unge i Årdal, Fister og Hjelmeland sokn? Pengane går direkte til stillingar i trusopplæringa.

Dersom du svarer ja på dette, fyll ut skjemaet og send det til:

Hjelmeland kyrkjekontor, Prestegarden 5, 4130 Hjelmeland – eller lever det til soknerådsleiar eller ein av oss som arbeider i kyrkja. Skjemaet finn du og på www.hjelmeland.kyrkja.no Fyll gjerne ut og send det som vedlegg til ein e-post til post@hjelmeland.kyrkja.no

Namn: _____

Adresse: _____ Tlf: _____

e-post: _____

Beløp kvar mnd.: _____ kvart kvartal _____

kvart halvår _____ kvart år _____ eingongsbeløp _____

_____ Eg ønskjer skattefrådrag (22% skattefrådrag for gåver mellom kr 500 og kr 25 000. Dermed kan du betale opptil kr 5 500 mindre i skatt per år (gjeld frå 2022))

_____ Personnummer 11 siffer _____
(Pliktig for å få skattefrådrag)

_____ Eg betaler inn til Hjelmeland kyrkjeleg fellesråd sin konto: **3353 22 17534**. Merk innbetalinga: «Gjevarteneste». For dei som brukar nettbank: Opprett gjerne ein fast avtale i nettbanken. Avtalen gjeld til han vert sagt opp. Beløpet kan endrast etter avtale med banken.

Dato: _____ Underskrift _____

Hei!

Vil du bidra til at barn og unge får opplæring i den kristne trua? Meld deg som fast gjevar!

Stortinget vedtok for ca. 15 år sidan at Den norske kyrkja skulle ha hovudansvaret for opplæring i den kristne trua. Det skulle ikkje lenger vere eit ansvar som grunnskulen hadde. Etter kvart har alle sokn fått statlege midlar til dette arbeidet, men det er ikkje nok. Kommunane bidreg også, men det er heller ikkje nok, spesielt ikkje i små kommunar.

I Hjelmeland har me no trusopplæring i 120 % stilling. Trusopplærar Tonje Flatø Nessa er tilsett i 100%, medan kantor Anne-Berit Rinde Bjelland har 20% trusopplæring i stillinga si. For å kunne halde på denne ressursen, inviterer me til **fast gjevararteneste**. I 2021 vart det gjeve kr 175 000 frå 28 givarar. Men dette er berre første skritt. Vidare er det behov for meir, for å kunne realisere tiltaka og nå måla i trusopplæringsplanen.

Trusopplæring for barn og unge er noko av det viktigaste me driv med i kyrkja. Me kan engasjere oss i dette på ulike måtar, gjerne som frivillige medarbeidarar, men og ved å gje pengar til arbeidet. Som kristne, har me eit ansvar for vår lokale kyrkjelyd, og det å gje av vår overflod, vil bety mykje for dette arbeidet. Samstundes kan vi sjølve bli velsigna av å gje.

Gjevartenesta fungerer slik at du fyller ut skjema for gjevarteneste og enten sender det i posten eller leverer det på kyrkjekontoret. Det er og mogeleg å skanne det eller ta bilde av det og sende det på e-post til post@hjelmeland.kyrkja.no Du kan velje eit fast beløp per måned som du kan legge inn i nettbanken eller avtale med banken om å trekke. Eller du kan og gje kvartalsvis, halvårleg, årleg, eller som eit eingongsbeløp.

For gåver er det skattefritak, noko som betyr at du får 22% tilbake av det du gir, opp til grensa på kr. 25 000 per år. Det vil seie at du betaler inntil kr. 5 500 mindre i skatt. Beløpet du har gitt, vil stå på den ferdig utfylte skattemeldinga som du får kvar vår.

Ta kontakt med kyrkjekontoret dersom du treng meir informasjon!
Takk for at du vil vere med! Både små og store beløp er svært velkomne!

Helsing Den norske kyrkja, Hjelmeland, Fister og Årdal sokn

TILTAK I TRUSOPPLÆRINGSPLANEN

ÅR: TILTAK:

- 0 Babysong kvar torsdag. Fødselsbesøk med invitasjon til dåp
- 4 4-års bok på hausttakkefest med samling i kyrkja på førehand
- 6 Dåpsskule med 4 samlingar i kyrkja
- 7 Tur ute. Eventyrskogen. Kva er sant? (ikkje kome i gang enno)
- 8 Barnekor og prosjektkor
- 9 Pinsebål (ikkje prøvd enno)
- 10 Lys vaken med overnatting i kyrkja
- 11 Utdeling av Bibel. 11-årsgrupper / bibelkurs
- 12 Misjonsprosjekt (ikkje starta enno)
- 14 Konfirmantundervisning 60 timar
- 16-17 VIDARE. Opplegg etter skuletid (ligg nede for tida)
- 18 Bibelleseplan (ikkje kome i gang enno)

Vil du vere med og støtte dette arbeidet økonomisk gjennom ei fast gjevarteneste?

